

Gull nesten på heimebane

Det var ikkje mange på toppen av Dalsnibba då følgebilen svinga til side og klokka viste drygt ein time og 28 minutt. Ut av skoddeheimen kom ein einsleg løpar. Fleire brølte av glede då dei skjøna valldalingen Hans Martin Gjedrem ville vinne.



To glade gullvinnarar laurdag, Hans Martin Gjedrem, Valldal, og Karoline Bjerkeli Grøvdal, Isfjorden.

GEIRANGER. Ingen må tru Hans Martin Gjedrem kom lett til det gullet.

Alt ved Knuten, etter om lag fem kilometer, hadde han problem med tempoet til Svein Inge Buhaug og Øyvind Heiberg Sundby. Rett nok «sat» Gjedrem sjølv på løyperekorden før start (1.30.10), men den vart sett i 2003 og etter fjorårets løp var han klar i talen sin til Sunnmørsposten vedkomande 2003-farta:

- Det nivået kjem eg neppe ned på igjen. Det har vorte for mykje spesifikk skøyetrening med tanke på å auke kapasiteten som skiskyttar. Det har gitt større musklar og vekttauke på nokre kilo, noko som ikkje er gunstig med tanke på motbakkeløp.

Grunnforma god. Heldigvis Hans Martin, der tok du feil! Men kanskje akkurat fordi kroppen din kjende løypa vart du ikkje grepen av mismot om to løparar seig litt frå. I din 13. start visste du så inderleg vel at det kom tøffare parti. At det var mot slutten, på halvblaut grusveg, avgjerda pla falle.

- Eg hadde ikkje direkte sekundering. Men eg tok sjølv tida mellom kilometerskilta. At farta var stor skjøna eg. Etterkvart fall Buhaug av, så det vart ein kamp mot Sundby. Heldigvis sleppte han då eg pressa hardt siste kilometeren. At tida skulle bli så sterk som 1.28.57 er nesten utruleg. Det viser at grunnforma er god.

- No vert det satsing på skisky-

ting resten av sesongen. I år står eg utanom alle lag, så eg må vise form frå fyrste renn for å kvalifisere meg til til verdscuplaget, sa ein glad NM-vinnar, som no bør vere aktuell til å snuse på Egebergs Ærespris (tidlegare to NM-gull i skiskyting).

Karoline imponerte. Juniorane og kvinnene sin NM-distans starta ved Djupvasshytta og var på knappe fem kilometer. Jørgen Bye Brevik frå Strindheim IL tok juniorgullet mellom gutane med 21.05. Johan Bugge frå Eidsvåg vart nummer fire på 21.51, medan Runar Korsnes vart beste sunnmøring med 23.49 på tiande plass

Men dette vart Karoline Bjerkeli Grøvdal sitt løp. Med lette spenstige steg sprang ho inn til 22.17, ei tid som ville gitt 6.plass mellom gutane, og endå klarare: Ho var tre minutt og 41 sekund føre nest beste juniorjente og 3.05 føre seniorvinnar May Britt Buer frå IL Harding. Ein rein makt demonstrasjon av jenta frå Isfjorden på sin siste dag som 18-åring.

- Eg kunne heilt sikkert likt å sprunge heile distansen her, men det er no baneløp eg satsar på, så det ville neppe vore lurt. Alt komande helg er det europacup i Bergen, der eg mest truleg skal springe både 3000 meter hinder og 5000 meter, sa den glade vinnar som no representerer sportsklubben Vidar, etter møtet med bakkane i verdsarvområdet.

ATLE HOLE
sport@smp.no



Dei to beste i NM i motbakkeløp på nest siste drikkestasjon; Øyvind Heiberg Sundby, Tjalve, og Hans Martin Gjedrem, Valldal, kom saman. Sistnemde stakk i frå den siste kilometeren og vann ein sær populær siger.

FOTO: ATLE HOLE

Sykkel-NM slo ikkje an

SYKKEL. Om lag halvparten av dei kring 800 deltakarane i Geiranger laurdag sykla. Men uoffisielt NM i motbakkesykling slo ikkje an. Berre ni kvinner og 18 menn kjempa om titlane. Herrevinnar Johannes Reiten, Oppdal SK, var klar i dommen:

- Ein må vel gå ut frå at det vert større deltaking om det vert eit

offisielt NM. Men dette var ganske så skuffande, men ei god treningsøkt var det i alle fall. Reiten vann på 1.09.08 mot Morten Eilifsen sine 1.09.53.

Hege Linn Eie Vatland frå Flekkefjord SK sette ny jenterekord med 1.18.45. Ho var 1.02 føre Gunn Hilleren frå Torshov SK.

Martin sterk. Dei store sykkelmassene fann vi utanom NM-listene. 102 fullførte i klasse 40-49 år herrar, 77 i klasse 30-39 år. Martin Notøy Nevstad (16), Ulstein og Omegn, persa med fem minutt då han tok andreplassen med 1.10.23 i klasse 17-19 år. Martin var best av dei lokale, men han var fem minutt bak Kristoffer

Sommer Wormsen, Eidsvold SK, som hadde best sykkeltid av samtlege i den «opne klassa».

ATLE HOLE
sport@smp.no

Unge Martin Notøy Nevstad frå Ulsteinvik var beste lokale syklist, her på toppen av Dalsnibba der han får på seg tørre klede. FOTO: ATLE HOLE



Tankekorset

GEIRANGER. Arrangørane Geiranger IL og Eidsdal IL gjorde som vanleg ein kjempejobb laurdag. All mogleg ros til dei og forten skryt frå alle hald. Neste år er dei truleg tilbake til tidlegare modell med alle ut frå same startpunkt. Vi stiller spørsmål ved kvinnedeltakinga på løpsida denne gongen. Når eit offisielt NM i motbakkeløp samlar seks deltakarar i seniorklassa, der den

eine, Gerda Bjåstad (bildet) er 80 år og den nest eldste er over 50 år, er noko spinningale. Kort og godt! 14 kvinner sprang heile distansen på 21 kilometer. Her vart Nancy Eggen, Sykkylven, den beste med 2.27.43 (kvinnerekorden 1.39.54) Heldigvis er ikkje konseptet «Geiranger frå fjord til fjell» ei elitemonstring. Langt der i frå. I år var likevel tap av kvalitet slåande.



3. DIVISJON

AaFK 2 - VOLDA

COLOR LINE STADION I DAG,
MANDAG KL. 18.30

Inngang 2. Voksne/honnør kr 50,-
Barn/tillitsvalgte/funksjonærer - gratis



- gjør noe med deg®